



Frode Nygaard Knutsen  
Strandvegen 67  
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/842 - 18/8855

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

15.03.2018

## Avslag på søknad om avkjørsel fra kommunal veg - Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløype - 1 ekstra bustadeining - gbnr 188/135

**Tiltak:** Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløype - 1 ekstra bustadeining  
**Byggjestad:** Gbnr: 188/135 Strandveien 67, 5914 Isdalstø  
**Tiltakshavar:** Frode Nygaard Knutsen  
**Ansvarleg søkjar:** Absolutt Form - Rolf Hermansen

Delegasjonssak nr.:

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for 1 ekstra bustadeining, jfr søknad om rammeløype datert 16.06.2017.

### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:

Det er søkt om rammeløype for tilbygg med utleiegeining. Dette krev vedtak om utvida bruk av avkøyrsløype frå den kommunale vegen, i samsvar med veglova. Saka er sendt over frå byggesaksavdelinga.

#### Vurdering/drøfting:

Den kommunale vegen er ein kort blindveg med svært liten trafikk. Vegen endar ved kommunen sitt reinseanlegg og tre naust. Reinseanlegget vert lagt ned når nytt kommunalt reinseanlegg er på plass om nokre år.

Avkøyrsløype, slik den ligg i dag, har avkjørsel til/frå offentleg veg som ikkje tilfredstiller krava i samsvar med veglova. Den har ikkje tilfredstillande sikt, breidde eller svingradius i samsvar med krava. Vegavdelinga kan gi dispensasjon frå breidde og svingradius, men siktkravet må vere utbetra før vegavdelinga kan vurdere å gi løype til utvida bruk. Sikthinder er mur og gjærde langs naboeigedom.

Eit avkjørseløype krev at det skal vere høve til å snu på eiga tomt. Skissa som ligg ved er ikkje målsett og syner ikkje at det er høve til å snu på innteikna snu og parkeringsplass. Hovudvassleidning går like forbi snu/parkingsplass som er skissert inn. Det er svært strenge krav til arbeid som ligg nær hovudvassleidning, snu/parkering ligg i dette tilfellet for nært og krev godkjent vedtak om dispensasjon frå avstand til VA-anlegg.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



### Samandrag/konklusjon:

Med bakgrunn i for mange manglar i samsvar med krav til avkjørsle, vert det i denne saka ikkje gitt løyve til utvida bruk på noverande tidspunkt.

### **Vedtak:**

Lindås kommune gjev avslag på søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Avslaget er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Byggesak  
Byggesak

**Mottakarar:**

Absolutt Form - Rolf Hermansen  
Frode Nygaard Knutsen

Bredsgården 2 5003  
Strandvegen 67 5914

BERGEN  
ISDALSTØ